



Fylkesmannen i Rogaland
Postboks 59
4001 Stavanger

Trondheim, 15.10.2020

Dykkar ref.:
[Dykkar ref.]

Vår ref. (bes oppgitt ved svar):
2019/6316

Sakshandsamar:
Tore Opdahl

Miljødirektoratet godkjenner besøksstrategi for Jærstrendene landskapsvernområde med biotopfredingar og naturminne

Strategien tar tak i svært mange og vesentlege utfordringar ved besøksforvaltning i verneområda langs Jærstrendene. Vi trur strategien vert eit godt verktøy for strategisk forvaltning.

Fylkesmannen har gjort eit grundig og omfattande arbeid med strategien. Uttale gitt i høyringa tyder på god kommunikasjon med og høg oppslutning mellom dei aller fleste interessentane. Eksisterande kunnskap og forslag om tiltak er vist i en innovativ kartportal (<https://www.temakart-rogaland.no/bsj>). Dette gjer strategien meir synleg og kan medverke til å auke merksemd og oppslutning om strategien og dei måla som er sett.

Kunnskap om sårbar natur er godt utgreidd. Derfor er grunnlaget for å styre besøk vekk frå sårbare naturtypar og spesielle funksjonsområde på plass.

Vi er samd i dei strategiske grepa om å legge enda betre til rette på dei 21 innfallsportane, styrke arbeidet med å kanalisere ferdsel, utvikle meir informasjon og å oppretthalde og vidareutvikle det gode samarbeid med regionale aktørar i reiselivet.

Tiltaksplanen har same tidsperiode som strategien, det vil seie 2020-2025. Den utpeikar 37 stader der det skal gjerast ulike tiltak, og sjølvne tiltaka er vist i kartportalen. Det er ikkje gjeve nærare detaljer om kostnadar eller rekkefølge på tiltak. Når Fylkesmannen melder behov om midlar for tiltak i verneområde (1420.31), får vi ei årleg oversikt av kostnad. Det kan likevel kome nye føringar

frå direktoratet knytt til å opplyse om framdrift og planmessig revisjon av tiltaksplan.

Helsing
Miljødirektoratet

Dette dokumentet er elektronisk godkjend

Knut Fossum
seksjonsleder

Tore Opdahl
seniorrådgiver

Tenk miljø - vel digital postkasse frå e-Boks eller Digipost på www.norge.no.